



Finansdepartementet
Skattelovavdelinga

Saksnr.	Dok-ID	Arkivkode	Sakshandsamar	Dato:
15/713	15/6883	232	PES	03.09.2015

Høyringsuttale - eigedomsskattlegging av arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk

Finansdepartementet har sendt på høyring framlegg om endring i reglane om eigedomsskatt på arbeidsmaskiner mv. I verk og bruk i lov av 6. juni 1975 nr. 29. om eigedomsskatt til kommunane(eigedomsskattelova), jfr. vedlegg.

Etter gjeldande regler skal arbeidsmaskiner mv. takast med i eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk når dei vert å rekne som ein del - "ein part av sjølve føretaket". I høyringsnotatet vert det lagt fram to alternative forslag til endring av reglane.

Alternativ 1 inneber at produksjonsutstyr og – installasjonar skal fritakast for eigedomsskatt.

Alternativ 2 fjernar verk og bruk som eigen kategori og det vil derfor ikkje lenger vere mogeleg å ha eigedomsskatt på verk og bruk. Verk og bruk vil da eigedomsskattleggast som alminnelig næringsseigedom. Dette inneber at produksjonsutstyr og – installasjonar fritakast for eigedomsskatt.

I følgje departementet vil eigedomsskattlegginga etter reglane for alminnelig næringsseigedom bety at «gjenanskaffelsesprinsippet» ikkje lenger gjeld som hovudregel for verdsetting. Ingen av alternativa skal bety endringar i verdsetting av vasskraftanlegg.

Målet, i følgje departementet, er å gjere utskrivinga av eigedomsskatt meir føreseieleg og at eigedomsskattlegginga av verk og bruk blir meir lik eigedomsskattlegginga av andre næringsseigedommar.

Høyringsfristen har departementet sett allereie til 18. september i år.

Innleiingsvis vil Høyanger kommunestyre vise til vår uttale av 02. mai i 2012, sak 056/2012. I denne saka handsama vi tilsvarande framlegg frå departementet. Høyanger kommunestyre har ikkje endra meining sidan den gong.

Høyanger kommunestyre vil presisere:

Ei rekke kommunar vil bli ramma av framlegget, som avviklar eigedomsskatt på verk og bruk. **Høyanger**, Bremanger, Gulen og Årdal er berre nokre eksempel. Dersom framlegget går gjennom, vil det ikkje lenger vere eigedomsskatt på industrianlegg, vindkraftanlegg eller kraftleidningar.

Med forslaget som ligg føre vil **Høyanger kommune** kunne få eit årleg inntektskutt på om lag 5,2 millionar kroner. Omgjort i stillingar betyr dette ein reduksjon på nær 12 stillingar innan pleie- og omsorgstenesta vår. Framlegget bryt ikkje berre med meir enn hundre års praksis og regelverk, men det bryt og med regjeringa si eiga Sundvolden-erklæring om å styrke kommunane sin økonomi. **Høyanger kommunestyre** finn det provoserande at finansdepartementet utan varsel, eller utan at det er meldt verken i revidert budsjett eller i kommuneproposisjonen, sender endringsforlaga på høyring.

Kvar krone i eigedomsskatt som **Høyanger kommune** mottar vert brukt til vanlege velferdstenester som barnehagar, skular, eldreomsorg, næringsutvikling osv.. Det vert argumentert med at dette vil gi bedrifter meir likeverdige forhold. **Høyanger kommunestyre** vil tru at mange bedrifter i **vår kommune** heller vil uroe seg meir over det svekka kommunale tenestetilbodet ein vil få, dersom forslaget vert vedtatt. Dette vil gjelde tilbod innan barnehagar, SFO, skule, helse og eldreomsorg, noko som også tilsette i bedriftene er avhengige av.

Regelverket rundt eigedomsskatt på verk og bruk har stått fast i meir enn 120 år. Det har vore ein viktig inntektskjelde for kommunar som har som einaste oppgåve å gje innbyggjarane best mogeleg velferd. Ordninga er altså ikkje ny eller nyleg utvida, slik det vert framstilt av fleire som t.d. NHO. Det nye er at mange kommunar vert trekte for domstolane. Sjølv om kommunane regelmessig vinn sakene, vert det brukt saker som «bevis» på at eigedomsskatten er i utakt med lovgjevar.

Eigedomsskatt på verk og bruk har vore eit viktig motiv for **Høyanger kommune** sitt arbeid med industrietablering og for å oppretthalde eit desentralisert velferdstilbod i heile kommunen. Det har og vore avgjerande for **Høyanger kommune** si positive haldning til store kraftutbyggingar og kraftleidningar i vår kommune. Framlegget undergreiv difor også klimapolitikken vår, og er eit løftebrot ovafor **oss kommunar** som har avstått naturressursane våre til fornybarpolitikken, i tillit til at inntekter frå eigedomsskatt skal kompensere noko for inngrepa i **våre kommunar**.

Høyanger kommunestyre sin konklusjon


I høyringsnotatet seier departementet at forslaget vil gje mindre frådrag og auka selskapsskatt. **Høyanger kommunestyre** meiner at det er umogeleg å sjå konsekvensane av dette utan å ha gjennomført ei grundig utgreiing av dette på førehand, der ein har vurdert dette oppimot kommunane som mister sine skatteinntekter. Det kan sjå ut som om Finansdepartementet her berre har vurdert skattytarane sine interesser.

Høyanger kommunestyre meiner departementet må etablere eit lovutval, som på ein fagleg forsvarleg måte kan vurdere dei økonomiske konsekvensane av forslaget, så vel som val av andre alternative løysingar. I eit slikt lovutval må **kommunane** sine interesser og erfaringar representerast. Det vil vere avgjerande at lovutvalet får nok tid og ressursar til å innhente og kvalitetssikre talgrunnlaga.

Høyanger kommunestyre meiner at framfor å fjerne dagens inntektskjelde, kan heller dagens regelverk forenklast og gjerast meir føreseieleg. Dette kan ein gjere ved å innføre nasjonale retningslinjer basert på dagens system. Med eit slikt system vil næringslivet sine interesser ivaretakast. Ved å velgje ei slik løysing vil ein også unngå å undergrave eigedomsskatten.

Denne uttalen er samrøystes vedtatt i Høyanger kommunestyre den 25.08.15, sak 050/15.

Med helsing



Petter Sortland
ordfører

Høyanger kommune

Rådmannen

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep

0030 OSLO

Saksnr.	Dok-ID	Arkivkode	Sakshandsamar	Dato:
12/523	12/4656	232	ARV	11.05.2012

Eigedomsskatt for verk og bruk - uttale til eventuelle endringar frå finansdepartementet

Eigedomsskatt på verk og bruk må utredast i eit eige lovutval.

I statsbudsjettet for 2012 varsla regjeringa eit høyringsnotat om eigedomsskatt på maskiner og tilbehør til verk og bruk rundt årsskiftet 2011- 2012. I brev frå finansminister Sigbjørn Johnsen til Stortinget 30. mars 2012, som svar på skrifleg spørsmål nr. 1114 frå Gunnar Gundersen 23. mars 2012, opplyser Finansministeren at arbeidet med høyringsnotatet har blitt forsinka, men at departementet ter sikte på sende ut høyringsnotatet sa snart som mogleg.

Høyanger kommune meiner at ei så omfattande regelendring som Regjeringa varslar for verk og bruk-skatten må utredast på vanleg måte gjennom eit lovutval, kor også dei berørte kommunar får delta. Høyanger kommune kan ikkje sjå at det føreligg serskilde grunnar for ikkje å nedsette eit lovutval. Dersom departementet er av den oppfatning at det hastar med ei utredning, bør det eventuelt nedsetjast eit hurtigarbeidande «ekspertutval», men også eit slikt ekspertutval bør involvere dei berørte kommunar. Slik Høyanger kommune ser det, føreligg det serskilde omsyn for å involvere kommunane i utredningsarbeidet.

Eigedomsskatten er som kjent ein frivillige kommunal skatteordning, og det er kommunane som vil ha den beste oversikten over korleis regelverket vert praktisert i dag og kva utfordringar ein står overfor både i takseringsarbeidet og som tilretteleggar for lokalt næringsliv. Takseringa skjer som kjent av takstnemnder som vert oppnemnd av kommunane, som regel med bistand frå engasjerte sakkyndige taksatorar. Eit høyringsnotat om forslag til regelendring som ikkje også byggjer på den kunnskapen som ligg hos taksatorane og i kommunane, vil etter Høyanger ommunane si oppfatning ikkje vere fullstendig, og dermed heller ikkje tilfredsstillande.

Vidare er det Høyanger kommune sitt syn at departementet må involvere kommunane for å kunne vurdere provenyverknadane av ei regelendring, slik utredningsinstruksen(For 2000 -02 -18-108) føreset.

Som det framgår av Prop. 1 LS (2011-2012) kapittel 27.2 er NHO mellom initiativtakerane til regelendringa. Høyanger kommune finn det uakseptabelt at kommunane berre vert gjort til ein ordinær høyringspart til eit høyringsnotat som er utarbeidd på initiativ frå skatteysterane

Postadr.: Postboks 159 6991 Høyanger	Besøksadr.: Aug. Gunnarskogsgt. 1 6993 Høyanger	Telefon: 57 71 15 00	Bankgiro: 3720 12 79764 Org.nr. 944439838	E post: postmottak@hoyanger.kommune.no www.hoyanger.kommune.no
--	---	-------------------------	---	--

sin organisasjon. Så seint som i høyringsnotat av 15. november 2010 gav departementet uttrykk for at ein ønska å innta dagens verdsettingsreglar i byskattelova i eigedomsskattelova. Departementet presiserte den gong at regelutforminga som er skjedd på grunnlag av rettspraksis skulle gjelde vidare. Både KS og LVK slutta seg til departementet sitt forslag i høyringsnotatet av 15. november 2011.

Høyanger kommune kjenner ikkje til innhaldet i dei forslag som departementet nå vurderer, eller korleis konkrete forslag som NHO har sett fram, men legg til grunn at ei eventuell regelendring vil kunne føre til dramatiske provenytap for eigedomsskatteberettiga kommunar, inkl. Høyanger.

Høyanger kommune finn det beklageleg at det over tid synes å ha vore ført ein dialog mellom departementet og skatteeytersida, utan at dei berørte kommunar eller våre interesseorganisasjonar er involvert. Slik Høyanger kommune ser det, synest det som om departementet legg stor vekt på skatteeyterane sine argument. Eigedomsskatt på verk og bruk er som kjent av stor betyding for offentleg velferd, både i Høyanger kommune og i andre vertskommunar for verk og bruk. Mange av landet sine store verk og bruk ligg i distriktskommunar, og verk og bruk-skatten utgjer ein ikkje ubetydeleg del av inntektsgrunnlaget i desse kommunane.

Kommunane er forøvrig også godt kjent med kva utfordringar som ligg i verk og bruk-skatten, vurdert opp mot omsynet til å sikre arbeidsplassar for verk og bruk-bedriftane i distriktskommunane. Høyanger kommune er også oppteken av ei korrekt verdsetting, ikkje høgast mogleg takst, slik NHO synest å ha gjeve inntrykk av.

Etter at kommunane ikkje lenger mottar ein andel av selskapsskatten, er eigedomsskatten den einaste lokale skatteordning for denne type bedrifter. Tidlegare utredningar om eigedomsskatten bør vere ei statleg skatteordning, har konkludert med at eigedomsskatten fortsatt skal vere ei kommunal, friviljug skatteordning. Bakgrunnen for dette er nettopp insitament – «omsynet».

Høyanger kommune si erfaring er at eigedomsskatten er ei god skatteordning, som bidreg til økt engasjement om lokaldemokratiet, samtidig som den gjev kommunane nødvendig fundament for å tilrettelegge for lokal næringsutvikling. For at eigedomsskatten skal ha slik verknad, må imidlertid eigedomsskatten ha eit reelt innhald, slik at dei verdiar dei respektive faste eigedommane representerer kjem til beskatning. Maskiner og tilbehør som er ein integrert del av anlegget er ikkje løse, men ein del av den faste eigedomen. Dersom ein tek vekk maskiner og tilbehør frå verk og bruk, eller på ein annan måte set ei avgrensing for slike anleggsdeler, vil det innebære ei betydeleg svekkinga av det som er formålet med eigedomsskatten, nemleg at dei verdiar som er investert i den faste eigedommen skal kome til beskatning nettopp i dei kommunar der investeringa er gjort.

Økonomiske konsekvensar av forslaget for Høyanger kommune

Etter kva Høyanger kommune erfarer, vil det vere vanskeleg, om ikkje umogleg for departementet å få oversikt over kor stor andel av eigedomsskattegrunnlaget som skriv seg frå dei maskiner og tilbehør til verk og bruk, som takstnemndene har meint å utgjere ein integrert del av anlegga. For å få ei slik oversikt må det føretakast ein gjennomgang av konkrete takstar, om ikkje for alle, så i alle fall for grupper av ulike type verk og bruk.

Det går fram av utredningsinstruksen (FOR-2000-02-18-108) at forvaltninga skal klargjere dei økonomiske verknadene av dei forslag som vert sett fram. Slik Høyanger kommune ser det, vil departementet ikkje kunne tilfredsstille kravet i utredningsinstruksen, utan at takstane vert

gjort til gjenstand for nærare analyser. Ei nærare analyse av dei økonomiske konsekvensane vil best kunne gjerast gjennom arbeid i eit lovutval kor kommunane vert teke med.

Med helsing

Arve Varden
rådmann

Kopi til:
LVK

Postboks 1148 Sentrum 0104 OSLO